

## Styrkjetreninga ein suksess

20.10.2014



**Styrkjetreninga på måndagar som helselaget har sett igang teiknar til å verta ein suksess. I føremiddag (mellom klokka 11 og 12) var 22 møtt fram i Gamleskulen og det tyder fullt hus. Men framleis er det berre 2 menn som stillar opp og leiinga ser fram til at det talet aukar.**

Det er Eli Roseth Eik i helselaget som leiar treninga som slett ikkje er krevjande men kan gjennomførast også av dei som har handicap på ein eller annan måte.

- Ein fin måte å starta veka på, sa ein av deltakarane i dag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen